

No 210 ¹ Tone:

Han

Aa ja! Det gildt er aa festa,
Leika aa hyggja seg bra.
Men sakna da alle besta
So gjere ein kaat aa gla.

2.

Ho

Ja korleis skal ein no stella
So alle dei nøgde er.
Kan dykk kje anna enn skjella
Er det kje rom for dykk her.

3.

Han

Dykk kunne no havt paa flaska
Aa gav oss ein Joladram.
Me gjeng no soleis aa traska
Aa difor lydest me fram.

4.

Ho

Eg vil meg ikkje aarsaka
Eg kjenner no ingjo skam.
Eg meiner det vel skal smaka
Kan *njotast* forutan dram.

5.

Han

Ei flaska me hava med os
Dykk tek no vel imot ein dram
Aa du kor da ville gled os,
Det kjærleikjen lokka fram.

6.

Ho

No maa eg av handi sopa
Aa flira eg maa so smatt
Det rusdrykkjen dreg ihopa
Skilst aar i sorg aa graat.

7.

Han

Soleis du maa no kje snakka
Rusdrykk ei Guds gaava er.
Me drikka, lova aa takka,
Aa elskar kvarhelst me fær.

8

Ho

Eg meina dykk pent lyt væra
Aa freista med rusdrykk her
Da vert so *vesal* ei æra
Naar *frettnaden* kringum fær.

9.

Han

Aa gjer ein kje noko verre
Enn drikka dansa aa læ.
Vindruer laga vor herre
Aa vin da laga han med.

10.

Ho

Soleis som Jesus vor herre.
Han var no annleis enn me
Heilag hans ord aa hans lære,
Levde i reinleik aa fred.

11.

Han

Høgvyrde kvinnor aa herra
So reknar seg born av Gud
Dei kan ikkje rusdryk unnværa,
Paa balli dei tek seg ut.

12.

Ho

Skulle me smaafolk retta,
Aa fylgja dei stores *habit*
Undarleg ting vil ein fretta
Slike dei gjeng no forvidt.

13.

Han

Da er dei store so leva
Aa dei heldt verdi ihop.
Rus drykkjen pengar kan gjeva
Speeling aa dans kvikka upp.

14.

Ho

Er det i sanning so illa
Du paa slike *hugmaal* dreg
So er du komen i villa
Sandt maa du umvenda deg.

15.

Han

Kan henda eg er i villa
Aa da vil du ha det til
Kan henda da kjem meg illa,
Eg fraa det venda meg vil.

16.

Ho

Lat verdi sjaa, kva dei meina.
Lat aalvore i deg raa.
So gjeng du ikkje aaleina
Ei kona du snart vil faa